



Aquapartner
Østerskogen 56
4879 GRIMSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/451 - 14/1842

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
13.02.2014

Godkjenning - avlaupsleidning Eikeland, søknad om utsleppsløyve.

Administrativt vedtak. Saknr: 14/2014

Saksutgreiing:

Det er i dokument, dagsett 02.01.2014, motteke 31.01.2014, søkt om utsleppsløyve for kommunalt avlaupsvatn i samband med avlaupsleidning på Eikeland i Meland kommune. Dokumenta syner at utsleppet skal reinsast i slamavskiljar med 3 kammer og med samla volum på 28 m³.

Avlaupsleidningen er ein DN 125 PE, og denne skal etter slamavskiljaren gå i grøft på omlag 70 meter og deretter i borehol på om lag 113 m til 30 meters djupn under LLV i Herdlefjorden. Reinsesystemet er dimensjonert for 200 pe, for 40 hus/hytter. Søknaden er ikkje oversendt Bergen og Omland Havnevesen for godkjenning. Det ligg føre erklæring frå eigarane av gnr. 42, bnr. 8 om rett til å plassera slamavskiljar og leggja og vedlikehalda avlaupsleidning. Det ligg også føre erklæring frå gnr. 42, bnr. 22 med løyve til å føra fram borehol under eigedomen.

Meland kommune skal vera ansvarleg for utsleppet.

Utsleppet er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Vurdering:

Utsleppsløysinga det er søkt om, er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp, og i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 13-5, som gjeld utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå mindre tett busetnad.

Anlegget skal etablerast og drivast i samsvar med krava i forureiningsforskrifta § 13-6 til §13-16.

Leidningen må førast minimum 50 meter ut frå land.

Det er viktig å få dokumentert nøyaktig kor leidningen skal liggja i sjø. Det vert stilt som vilkår for løyvet.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om berensing av forurensing» sin § 13-5 utleppsløyve for kommunalt avlaupsvatn i samsvar med søknad dagsett 02.01.2014 og på følgjande vilkår.

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar som omsøkt med volum 28m³ og med 3 kammer.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett leidning til sjø, og minimum 30 meter under lågaste vasstand og minimum 50 meter ut i sjø.
3. Det må sendast inn kart som syner dybdekoter utover der leidningen går i sjø, og som dokumenterer nøyaktig plassering så snart leidningen er lagt.
4. Utsleppet må godkjennast av Bergen og Omland Havnevesen.
5. Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Arbeidet må ikkje setjast i gong før slik godkjenning ligg føre.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Kopi til:

Fylkesmannen i
Hordaland, Miljøvernavdelinga
Meland kommune

h e r

Mottakere:
Aquapartner

Østerskogen 56 4879

GRIMSTAD